



**SANDØY KOMMUNE**  
**Eining for kulturelle tenester**

# KULTURMIDLAR

Oppdatert pr. 01.04.2009 og gjeldande til ny oppdatering ligg føre.

- Målformulering
- Generell info
- Forklaring til skjema

## OVERORDNA MÅL FOR TILSKOT AV KOMMUNALE MIDLAR TIL KULTURELLE FØREMÅL

Tildeling av kommunale kulturmidlar skal ha som overordna mål å oppretthalde, stimulere og vidareutvikle eit mangfaldig kulturliv i kommunen. Kulturelle og sosiale møteplassar er ein føresetnad for trivsel og ei positiv identitets- og næringsutvikling.

Difor har alle frivillige lag og organisasjonar samt privatpersonar som driv ein skapande, ideell og sosial aktivitet for fellesskapet internt, eller gjennom ulike kulturelle tiltak er med og profilerer kommunen eksternt, rett til tilskot.



## GENERELL INFORMASJON

### OM PRINSIPP FOR TILDELING

1. Alle lag og organisasjonar i Sandøy kommune skal i utgangspunktet ha lik rett til tilskot av kommunale kulturmidlar.
2. Eit aktivt og variert organisasjonsliv er med på å fremje trivsel, lokaldemokrati og tilhøyre, difor skal alle mål- og aldersgrupper vurderast som viktige og aktuelle.
3. Barn og unge ber den lokale framtida i seg. Samtidig er kulturaktivitet på fleire vis ein førebyggjande aktivitet. Difor skal tiltak og initiativ som gir tilbød til denne aldersgruppa ha høgast prioritet.

### OM RESTRIKSJONAR FOR TILDELING

1. Lag, organisasjonar og tiltak som alt er finansiert gjennom offentlege løyvingar, har ikkje rett til tilskot
2. Lag og organisasjonar med sterk likviditet skal, etter skjønn, prioriterast lavere enn dei med stram økonomi. Unntakstilfelle er kostnadskrevjande tiltak og prosjekt.
3. Aktivitetar som spreier fordømsfulle og rasistiske haldningar, eller på ulikt vis motarbeidar førebyggjande tiltak, har ikkje rett til tilskot.
4. Søknader som målber kun uspesifiserte driftstilskot, skal ikkje handsamast.
5. Etablerte tiltak med hovudvekt av kommersiell eller forretningsmessig drift, skal ikkje støttast over kulturbudsjettet.

## OM SØKJAR OG SØKNAD

1. Alle som søker skal nytte gjeldande søknadsskjema for tildeling av kommunale kulturmidlar, men kan nytte egne ark for tilleggsopplysningar.
2. Søknadsskjema skal fyllast ut med all relevant informasjon det vert bede om.
3. Søknader som ikkje har kome kulturadministrasjonen i hende innan kunngjort tidsfrist, vert vanlegvis ikkje handsama.
4. Sørvistorget eller kulturadministrasjonen skal, om nødvendig, gi hjelp og rettleiing til utfylling av søknadsskjema.
5. Alle aktuelle søkerar har sjølve ansvaret for å informere seg om søknadsfristar kunngjort gjennom oppslag og i media.
6. Søklarane får tilsendt skjema ved å vende seg til sørvistorget. Det ligg til ei kvar tid gjeldande søknadsskjema på kommunen sine nettsider: [www.sandoy.kommune.no](http://www.sandoy.kommune.no)
7. Søkjaren skal spesielt dokumentere bruken av kommunale midlar.

## OM ØKONOMISK EIGENAKTIVITET

1. Ein føresetnad for å få tildelt kommunale kulturmidlar er at søkeren kan leggje fram konkrete planar for å finansiere aktiviteten (budsjetterte planar).
2. Alle lag og organisasjonar bør ha ein samla kontingentsats som naturleg samsvarar med driftsutgiftene. Ein forventar at aktivitetar som organiserer vaksne krev større eigendel enn aktivitetar som organiserer berre barn og unge.

## OM SAKSHANDSAMING

1. Søknader om tilskot/støtte skal sendast til Sandøy kommune – eining for kulturelle tenester.
2. Søknadene vert handsama administrativt og i Formannskapet.
3. Etter handsaminga vert alle søkerane skriftleg underretta om vedtaket. Eventuelle avslag vert grunngjevne.
4. Alle søkerane har klagerett. Ei klage skal framførast skriftleg på innan 3 veker etter at avslaget er motteke. Formannskapet er ankeinstans.



## SØKJARGRUNNLAG OG TILSKOTSORDNINGAR MED DATOFESTA SØKNADSFRIST

### A) OM DRIFTSTILSKOT

*Søknadsfrist 1. mai, eige søknadsskjema*

#### **Føremål:**

Å drive ein kulturell aktivitet kostar pengar. Det er i kommunen og ålmenta si interesse at kulturlivet får frigjort mest muleg tid til å oppretthalde, utvikle og vidareføre sine tiltak og at arbeidet med lagsøkonomien ikkje skal binde opp for mykje tid og krefter. Kulturmidlane skal vere til ei slik hjelp.

1. Alle lag og organisasjonar i kommunen kan søkje om tilskot til drifta.
2. Søknaden bør vere målretta og mest muleg spesifisert.
3. Barne- og ungdomsarbeid skal ha høgast prioritet.
4. Søknaden vert handsama av Formannskapet.

### B) OM TILSKOT TIL FORSAMLINGSHUS

*Søknadsfrist 1. mai, eige søknadsskjema*

#### **Føremål:**

Ein viktig føresetnad for eit aktivt kulturliv er gode fysiske rammevilkår. Forsamlingshusa i kommunen har difor ein viktig funksjon. For å synleggjere dette, men også for å skilje mellom eigar og brukar, vil støtte til forsamlingshus bli ein eigen post på kulturbudsjettet.

1. Alle eigarar av private forsamlingshus har rett til å søkje om støtte til drift og vedlikehald.
2. Søknaden skal innehalde rekneskap frå førre driftsår og driftsbudsjett/planar for komande år.
3. Søknaden vert handsama av Forannskapet.

**SØKJARGRUNNLAG OG TILSKOTSORDNINGAR  
UTAN DATOFESTA SØKNADSFRIST**

**C) OM TILSKOT TIL PROSJEKT**

*Ikkje spesielle søknadsfristar, eige søknadsskjema*

**Føremål:**

For å stimulere til nytenking og samarbeid mellom lag, organisasjonar og privatpersonar, vil det bli muleg å søkje støtte til ulike prosjekt initiert av fleire organisasjonar, eit enkelt lag eller privatpersonar. Prosjektet kan vere av kortvarig og langvarig karakter, eksempelvis arbeid med ei teateroppsetting, musikalsk samarbeid, museale tiltak m.m..

1. I søknaden skal dei prosjektansvarlege beskrive innhaldet i tiltaket, framdriftsplanen og føremålet.
2. Det skal også leggest ved eit prosjektbudsjett.
3. Søknaden vert handsama kulturadministrasjonen.

**D) OM TILSKOT TIL OPPSTART AV NYE TILTAK**

*Ikkje spesielle søknadsfristar, eige søknadsskjema*

**Føremål:**

Å utvikle eit kulturelt mangfald er ein føresetnad for å kunne gi tilbod til eit breitt spekter av interesser og ønskje. For ei utkantkommune er nye idear og initiativ viktige for å utvikle eit kulturliv på eigne premissar. Kulturmidlane skal stimulere og støtte slike tiltak.

1. Nystarta organisasjonar som søker om starttilskot skal greie ut om føremål, målgruppe og plan for arbeidet.
2. Lag som vert reorganisert kan søkje om tilskot til ny oppstart når avviklinga av den gamle aktiviteten er gjennomført og planane for ny verksemd er utarbeidd.
3. Søknadene vert handsama av kulturadministrasjonen.

## E) OM TILSKOT TIL ARRANGEMENT

*Ikkje spesielle søknadsfristar, eige søknadsskjema*

### **Føremål:**

Kulturelle impulsar utanfrå er viktig for å utvikle vårt eige kulturliv. Difor vil kommunen legge tilhøva økonomisk til rette for at lag og organisasjonar kan ta på seg ulike arrangementsoppdrag. Retten til å få møte profesjonell kunst og kultur skal ikkje vere kun eit sentrumsgode.

1. Lag og organisasjonar som på eige initiativ eller etter oppfordring frå kulturadministrasjonen tek ansvar for å arrangere konsertar, teaterframсыningar, kunstutstillingar osv., kan søkje om støtte til å gjennomføre desse.
2. Kulturetaten må skriftleg gjerast kjend med arrangementet seinast 2 veker før arrangementsdatoen (*skjema A*).
3. Støtte vert gitt for å dekkje dokumentert underskot, eller delar av underskotet (*skjema B*).
4. Søknaden vert handsama av kulturadministrasjonen.

## F) OM STIPEND

*Ikkje spesielle søknadsfristar, eige søknadsskjema*

### **Føremål:**

Oppmuntring og økonomiske mulegheiter til utvikling og spesialisering av talent og ressurspersonar i kulturlivet er viktig for å høgne nivået på ulike kulturområde i kommunen. Administrasjonen vil gjere sitt for å gi eit handslag til dei som vil satse på ei kunstnarisk eller utøvande utvikling som også kan kome lokalsamfunnet til gode.

1. Enkelpersonar, sjølvstendige grupper eller medlemmar i ein organisasjon kan søkje om tilskot til stipend. Dette omfattar fortrinnsvis deltaking på eksterne kurs, seminar, studieturar o.l.
2. Søkjarar som får slik støtte skal forplikte seg til ei gjenyting internt i kommunen.
3. Søknaden skal beskrive føremålet med støtta og kva gjenyting søkjaren vil gi.
4. Søknaden vert handsama av kulturadministrasjonen.

## G) OM TILSKOT TIL ORGANISASJONSUTVIKLING

### **Føremål:**

Eit engasjert kulturliv er totalt avhengig av ressurspersonar og tillitsvalde som tek på seg leiaransvar. Men å sørgje for drifta av ein aktivitet eller ein organisasjon krev stadig meir tid og spesialisert kunnskap.

For å sikre at folk ikkje vegrar mot å ta på seg styreverv og leiaroppgåver, må kommunen gjere sitt for å betre situasjonen ved m.a. å legge til rette for relevante kurstilbod.

1. Kommunen ved kulturadministrasjonen skal i samarbeid med Sandøy Folkeakademi gi dei frivillige organisasjonane årvisse tilbod om kurs i organisasjonskunnskap og leiarutvikling.
2. Tilbodet skal gjelde alle tillitsvalde, men også fungere som eit rekrutteringstiltak med ungdom som viktig målgruppe.
3. Organisasjonane kan også søkje om støtte til eksterne kurs.
4. Søknaden vert handsama av kulturadministrasjonen.